



# Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon  
Nina Vadøy, 5557 2316

Vår dato  
10.04.2017  
Dykkar dato

Vår referanse  
2016/2461 472  
Dykkar referanse

Brødrene Salomonsen AS  
Postboks 149  
5327 Hauglandshella

## Rapport frå inspeksjon ved Brødrene Salomonsen AS 5. april 2017

Rapportnummer: 2017.002.I.FMHO

### Kontaktpersonar ved inspeksjonen:

Frå verksemda:  
Torbjørn Salomonsen  
Eivind Fykse  
Trond A. Paulsen

Frå Fylkesmannen i Hordaland:  
Nina Vadøy  
Hallvard Hageberg

### Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten omhandlar avvik og merknader frå inspeksjonen. Dersom vi ikkje får melding om faktiske feil i rapporten innan to veker etter at rapporten er motteken, er rapporten endeleg.

Fylkesmannen i Hordaland fann 3 avvik og har gitt 1 merknad under inspeksjonen innan følgjande tema:

- Handtering av farleg avfall
- Løyvet
- Internkontroll

Avvika og merknaden er nærare omtalt frå side fire og utover i rapporten.

Brødrene Salomonsen AS må sende ei skriftleg stadfesting innan **1. mai 2017** på at avvik 1 er retta, innan **1. juli 2017** på at avvik 2 er retta og innan **1. september 2017** på at avvik 3 er retta. Oppfølginga etter inspeksjonen er nærare omtalt på side to.

Hallvard Hageberg  
senioringeniør

Nina Vadøy  
overingeniør

*Rapporten er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi til: Askøy kommune  
BIR Bedrift AS

## 1. Informasjon om verksemda

<b>Namn:</b> Brødrene Salomonsen AS	<b>Risikoklasse:</b> 4
<b>Besøksadresse:</b> Hauglandshella	
<b>Postadresse:</b> Postboks 149, 5310 Hauglandshella	
<b>E-post:</b> torsalo@online.no	<b>Telefon:</b> 56 14 50 11
<b>Kommune:</b> Askøy	<b>Organisasjonsnr.:</b> 971 836 253
<b>Bransjenr. (NACE-kode):</b> 46.770 – Engroshandel med avfall og skrap	<b>Eigar (org.nr.):</b> 830 560 092
<b>Løyve gitt:</b> 7. oktober 1997	<b>Siste tilsyn:</b> 29.10.2009

## 2. Bakgrunnen for inspeksjonen

Inspeksjonen vart gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav fastsett i eller i medhald av forureiningslova med forskrifter blir haldne. Inspeksjonen er eit ordinært frekvensbasert tilsyn.

Følgjande hovudtema vart kontrollert:

- Internkontroll med vekt på risikovurdering, avvikshandtering og skriftlege rutinar for ytre miljø
- Utslepp til luft, vatn og grunn
- Mottakskontroll
- Handtering av avfall/farleg avfall
- Vidarelevering av avfall
- Løyvet datert 7. oktober 1997

## 3. Oppfølging etter kontrollen

Verksemda pliktar snarast å rette opp avvika som er omtalt i denne rapporten. For at Fylkesmannen skal kunne avslutte saka, må de sende ei skriftleg tilbakemelding med dokumentasjon som viser korleis avvik er retta, gjerne med billedokumentasjon.

Følgjande fristar gjeld:

- **1. mai 2017** for avvik 1
- **1. juli 2017** for avvik 2
- **1. september 2017** for avvik 3

Vi ser alvorleg på **avvik nr. 1** som vart funne under inspeksjonen. Gjennomføringa av tiltaka vil derfor bli følgt opp med nytt tilsyn utanom ordinær tilsynsfrekvens.

### Varsel om tvangsmulkt

Dersom vi ikkje får tilbakemelding med dokumentasjon på at avvik 1 er retta innan

**1. mai 2017**, vil Fylkesmannen vurdere å fatte vedtak om tvangsmulkt, jf. forureiningslova § 73.

I vedtaket om tvangsmulkt blir det sett ein ny frist for å sende inn dokumentasjon. Dersom denne fristen ikkje blir heldt, må verksemda betale tvangsmulkt. Ei eventuell tvangsmulkt vil vere på 50 000 kroner.

Verksemda kan kommentere dette varselet. Eventuelle kommentarar må sendast til Fylkesmannen innan to veker etter at denne rapporten er motteken, jf. forvaltningslova § 16.

#### **4. Kontrollgebyr**

Fylkesmannen varsla i e-post 31. mars 2017 at Brødrene Salomonsen AS vil få eit gebyr på 14 600 kroner for inspeksjonen, jf. forureiningsforskrifta § 39-7. Dette er gebyrsats 3. Faktura blir sendt frå Miljødirektoratet.

De har rett til å klage på valet av gebyrsats innan tre veker etter at de har fått denne rapporten, jf. forvaltningslova § 28. Klagen må innehalde den eller dei endringane de ønskjer. Den bør vere grunngjeven og skal sendast til Fylkesmannen.

#### **5. Offentleggjering**

Denne rapporten vil vere tilgjengeleg for ålmenta via Fylkesmannen i Hordaland sin postjournal på [www.fylkesmannen.no/hordaland](http://www.fylkesmannen.no/hordaland) og [www.norskeutslipp.no](http://www.norskeutslipp.no), jf. offentleglova.

#### **6. Dokumentunderlag**

- forureiningslova
- forureiningsforskrifta
- avfallsforskrifta kapittel 11 om farleg avfall
- internkontrollforskrifta
- løyvet av 7. oktober 1997

Informasjon om regelverket finn de på [www.miljodirektoratet.no](http://www.miljodirektoratet.no) og [www.regelhjelp.no](http://www.regelhjelp.no).

#### **Definisjonar**

- **Avvik:** brot på krav fastsett i eller i medhald av helse-, miljø- og sikkerheitslovgjevningen (til dømes brot på krav i forureiningslova, produktkontrolllova og forskrifter heimla i desse lovene eller krav og vilkår fastsett i løyve eller dispensasjonar).
- **Merknad:** eit forhold som miljøvernstyresmaktene meiner det er nødvendig å påpeike for å ivareta helse og miljø og som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

## **7. Avvik**

Vi fann følgjande avvik under inspeksjonen:

### **Avvik 1: Verksemda tek imot farleg avfall utan løyve**

#### **Avvik frå:**

- Løyvet datert 7. oktober 1997, punkt 1.2
- Avfallsforskrifta kapittel 11, § 11-6

#### **Kommentar til regelverket:**

Løyvet omfattar ikkje mottak av spesialavfall.

Den som handterer farleg avfall skal ha løyve frå forureiningsmynde. Handtering omfattar innsamling, mottak, mellomlagring, handtering og anna disponering av farleg avfall.

#### **Observasjonar under tilsynet:**

Brødrene Salomonsen opplyste at dei tek imot trykkimpregnert trevirke frå små næringsverksemdar og mellomlagrar dette i ein open konteiner før avfallet blir levert til Tor Henning Paulsen AS. Verksemda opplyste at næringsverksemdene ikkje deklarerer avfallet, men at det blir deklarerert av Tor Henning Paulsen AS. Verksemda leverte 3-4 konteinrar med trykkimpregnert trevirke til Tor Henning Paulsen AS i året.

### **Avvik 2: Verksemda har ikkje etablert internkontroll for ytre miljø**

**Avvik frå:** Internkontrollforskrifta §§ 4 og 5

#### **Kommentar til regelverket:**

Den som er ansvarleg for verksemda skal sørgje for at det blir innført og utøvd internkontroll i verksemda og at det blir gjort i samarbeid med arbeidstakarane og deira representantar.

#### **Observasjonar under tilsynet:**

Verksemda har ikkje etablert og utøver ikkje internkontroll for ytre miljø i verksemda si.

### **Avvik 3: Verksemda driv ikkje i samsvar med løyvet**

**Avvik frå:** Løyvet datert 7. oktober 1997

- Punkt 1.3 om skriftleg informasjon til kundar
- Punkt 2.3 om inngjering
- Punkt 3.2 om lagring av avfall
- Punkt 3.5 om forsøpling
- Punkt 4.1 om loggføring

**Kommentar til regelverket:***Skriftleg informasjon til kundar*

Alle kundar skal skriftleg informerast om kva for typar avfall som er tillate levert til anlegget.

*Inngjering og bom*

Området skal vere inngjerda og avstengt med låsbar port eller bom utanom opningstidene/når ingen er til stades.

*Lagring*

Avfallet skal lagrast på ein slik måte at det ikkje er skjemmande eller fører til fare for lukt, avrenning eller annan forureining. Lagring av avfall inkludert utsortert materiale skal som eit minimum gå føre seg på tett flate med fall til sluk.

Totalt lagra avfallsmengde skal ikkje på noko tidspunkt overstige 300 tonn.

*Forsøpling*

Verksemnda pliktar alltid å halde sorteringsanlegget og områda omkring, inkludert nærmaste tilførsleveggar i orden og fri for forsøpling. Ryddeaksjonar skal gjennomførast etter behov.

*Loggføring*

Verksemnda skal føre dagleg oversikt (loggbok) over kva slags avfall og kva for mengder som blir tatt imot og passerer anlegget. I loggboka skal mengder og leveringsstader for utsorterte avfallsfraksjonar og restavfall gå fram.

**Observasjon under tilsynet:***Skriftleg informasjon til kundar*

Verksemnda opplyste at det var 10-15 faste kundar som leverte avfall og desse vart opplyst munnleg om kva typar avfall som er tillate levert til anlegget.

*Inngjerding og bom*

Området var ikkje inngjerda og hadde ikkje bom eller port.

*Lagring*

Nokre plassar var dekket ikkje tett og det mangla tett flate nokre plassar. Verksemnda opplyste at sluket under lageret for trevirke er tett og ikkje i bruk.

Verksemnda opplyste at det kan bli lagra inntil 1200 tonn trevirke på anlegget før trevirke blir eksportert med båt. Treflis vart lagra i inntil 1 veke, medan trevirke vart lagra om lag 3 månader. Båt vart bestilt 3-4 gonger i året samarbeid med Tor Henning Paulsen AS og ev. andre for å få full båt. Denne ordninga hadde gått føre seg i om lag 1 år.

EE-avfall stod lagra utandørs i eit ope bur.

*Forsøpling*

Det var treflis i vegskråningar og i vegetasjonen rundt. Ved sidan av konteinerane for utsorterte fraksjonar var det treflis og anna diverse avfall i skråninga.

## **Merknad 1: Årsrapporten for 2016 var mangelfull**

### **Observasjon under tilsynet:**

Verksemda har ikkje fylt inn alle opplysningar, til dømes om risikovurdering, avvik, påverknad på ytre miljø eller at dei har tatt imot farleg avfall.

## **8. Andre forhold**

Det vart opplyst at Brødrene Salomonsen AS skal fusjonerast med BIR Bedrift i løpet av 2017.

Løyvet er av eldre dato og må reviderast. Fylkesmannen har bedt Brødrene Salomonsen AS om å søkje om nytt løyve for at drifta skal bli i samsvar med aktivitetane som går føre seg på anlegget.

BIR Bedrift stilte spørsmål om Tor Henning Paulsen AS og Brødrene Salomonsen AS kan ha same løyve på ulike lokalitetar. Fylkesmannen vurderer at eit løyve er lokalitetsspesifikt og at to anlegg på to ulike lokalitetar skal ha kvart sitt løyve.